

<b>Dokumenttype:</b> Prosedyre	<b>Dokumentnavn:</b> P-006 Drift av Fjellheisane	<b>Gjeld for:</b> Vakt i Fjellheisane	
<b>Rev.nr.</b> 7	<b>Sist revidert:</b> 18.03.2016	<b>Utarbeida av:</b> Stein Bjørhovde	<b>Godkjend av:</b> Arvid Remme

**Før heisane opnar:**

1. Møt opp minst **30 minutt** før heisen opnar. Sett deg godt inni prosedyren på førehand og gå igjennom sjekklista i løpet av dagen.
2. Dersom du ynskjer å ha **snøscooter** på vakta, bruk den gule Ski-doo scooteren som står i garasjen. Sjå eigen prosedyre HFS\_P035\_Snøscooterbruk for bruk av scooter. Alle som bruker snøscooter må også ha gyldig førarkort for snøscooter (S) og gjennomgått intern opplæring og signert på det (HFS\_S035\_Oplæring\_Snøscooter).
3. Alle vakter skal ha gul **refleksvest** og **jaktradio** (kanal 3) for kommunikasjon med dei andre vaktene (sjekk frekvens på radio).
4. Tenn **lyset** i bakken dersom det er mørkt eller dårleg sikt. Dette gjerast i underetasjen på fjellheisbuda.
5. **Gjerder og sikkerhetsnett** skal settast opp slik at alle som skal på heisane må gjennom vendekorsa. Ta av deksla på vendekorsa.
6. Sjekk at teknisk vakt har sjekka **stoppsnora** på toppen av heisen er montert og ikkje nedsnødd, og at avstigingar er i henhold til arrangementsteikningar. **Start** av heisen skal berre gjerast etter samråd med teknisk vakt, så eigen prosedyre HFS\_P037 for teknisk vakt sine oppgåver.
7. Pass på at det er fullt med snø opp på profilane fram mot **pinnen**. Det skal helle **svakt nedover** mot pinnen og vere flatt minst 5 meter etter pinnen. Jamn stiging etter 5 meter.
8. Kost snø av alle **tallerkar** på medbringarar. Sjekk at alle medbringarar fungerer som dei skal. Dei som har dårleg fjær (går tregt inn) eller dårleg pakning (får for fort inn) skal skruast ned og nye skal monerast umiddelbart. Dersom det ikkje kan gjerast må det settast på plastkjegle med «Ikkje bruk meg»
9. Få nokon til å prøvekøyre heisane og sjekk at alle **beskyttelsesmatter** på master, stolper og snøkanonar/-uttak er på plass og at desse er uskadde. Traseen skal og vere jamn og ikkje helle inn mot master.

**B. Under vakta:**

1. Hald **blikket** retta oppover heistraseane og ver alltid nær **stoppknappar**. **Stans** heisen dersom nokon dett og vert hengande fast i heisen, eller at nokon som har falt ikkje klarar å kome seg bort frå heistraseen.
2. Dersom fleire **medbringarar** kjem **samla** i retur, skal ein stanse heisen og melde frå til drift om at dette må inspiseras. Det same gjeld om det er gjentatte stopp i heisen med korte mellomrom
3. Følj med at ingen køyrer **sikk-sakk** eller **husker/hopper** i heisane. Avvik skal påtalast og om naudsynt skal kort inndragast.
4. Alle som har snøbrett skal ha **bakre fot laus** i heisen. Alle på snøbrett og telemark skal ha **sikkerheitsstropp**.

## Kvalitetsstyringssystem for



<b>Dokumenttype:</b> Prosedyre	<b>Dokumentnavn:</b> P-006 Drift av Fjellheisane	<b>Gjeld for:</b> Vakt i Fjellheisane	
<b>Rev.nr.</b> 7	<b>Sist revidert:</b> 18.03.2016	<b>Utarbeida av:</b> Stein Bjørhovde	<b>Godkjend av:</b> Arvid Remme

5. Sjekk på PC inni buda at **bilde** stemmer for dei som passerar vendekors. Kort som ikkje fungerer skal kontrollerast.
6. Sjekk at **underlaget i heistraséen** er jamnast mogleg. Fyll i evt. hol og måk inn frå sidene dersom det er lite snø eller vert oppkøyrd i løpet av dagen. Vedlikehald **bakkeprofilen** før og etter **påstiginga**.
7. Det er **gratis kaffi og vaflar** for vaktene på Varmestova. Når du tek pause, ta kontakt med driftsansvarleg for å få ein erstattar.
8. Ver **tilgjengeleg, hjelpsam og vennleg**. Dei som er minst øvde sett pris på å verte dytta i gong for å unngå rykking.

### C. Avslutning:

1. **Stopp heisen** presis ved stengjetid. Det kan vere aktuelt å halde open 30 eller 60 minutt ekstra dersom det har vore problem med stengte heisar eller liknande i løpet av dagen. Dette skal da varslast med oppslag.
2. Ta ned **sikkerhetsnett** og flytt **gjerder** inntil drivstasjonen dersom det skal preparerast til neste dag. Sjekk med teknisk dersom du er usikker.
3. Før **dagbok**, fyll inn **sjekkliste** og notér alle **forbetringsforslag**.
4. Parker evt. snøscooter i garasjen, og lukk portane og lås **garasjen** dersom du er sistemann i anlegget.
5. Sjekk at heisbu for **Miniheis** og **Varmestova** er **låst** dersom du er sistemann i anlegget.

**TA KONTAKT MED TEKNISK ANSVARLEG DERSOM DU HAR SPØRSMÅL I LØPET AV VAKTA.**

# Kvalitetsstyringssystem for



<b>Dokumenttype:</b> Prosedyre	<b>Dokumentnavn:</b> P-006 Drift av Fjellheisane	<b>Gjeld for:</b> Vakt i Fjellheisane
<b>Rev.nr.</b> 7	<b>Sist revidert:</b> 18.03.2016	<b>Utarbeida av:</b> Stein Bjørhovde
		<b>Godkjend av:</b> Arvid Remme

## VEDLEGG 1: SJEKKLISTE FJELLHEISAR

<b>A. Før heisane opnar:</b>	<b>Signering:</b>	<b>Kommentar:</b>
A1. Oppmøte		
A2. Bruk av snøscooter		
A3. Bruk refleksvest og radio		
A4. Tenn lyset		
A5. Gjerder, sikkerhetsnett og vendekors		
A6. Sjekk stoppsnorene og start av heis		
A7. Planér påstiging		
A8. Sjekk medbringarar		
A9. Prøvekøyring		
<b>B. Under vakta:</b>		
B1. Hald blikket oppover traseen		
B2. Medbringarar samla i retur		
B3. Sjekk sikk-sakk køyring		
B4. Bakre fot laus og sikkerhetsstropp		
B5. Sjekk bilete på keycard		
B6. Sjekk underlag og påstiging		
B7. Pause		
B8. Service		
<b>C. Avslutning</b>		
C1. Stopp		
C2. Ta ned nett, flytt gjerder.		
C3. Skriv i dagbok, sjekklister og forslag		
C4. Snøscooter og garasje		
C5. Sjekk at bygg er låst		

## SIGNATUR


\_\_\_\_\_  
Namn

\_\_\_\_\_  
Dato

\_\_\_\_\_  
Telefon


<b>Dokumenttype:</b> Prosedyre	<b>Dokumentnavn:</b> P-006 Drift av Fjellheisane	<b>Gjeld for:</b> Vakt i Fjellheisane	
<b>Rev.nr.</b> 7	<b>Sist revidert:</b> 18.03.2016	<b>Utarbeida av:</b> Stein Bjørhovde	<b>Godkjend av:</b> Arvid Remme

## VEDLEGG 2: ARRANGEMENT AVSTIGING POMAHEISER PÅ TOPPEN (STEINANE)



<b>Dokumenttype:</b> Prosedyre	<b>Dokumentnavn:</b> P-006 Drift av Fjellheisane	<b>Gjeld for:</b> Vakt i Fjellheisane	
<b>Rev.nr.</b> 7	<b>Sist revidert:</b> 18.03.2016	<b>Utarbeida av:</b> Stein Bjørhovde	<b>Godkjend av:</b> Arvid Remme

## VEDLEGG 3: ARRANGEMENT MELLOMAVSTIGNING POMAHEISER PÅ HAMMAREN (KVELDSAUVSTIGNING)



# Kvalitetsstyringssystem for



<b>Dokumenttype:</b> Prosedyre	<b>Dokumentnavn:</b> P-006 Drift av Fjellheisane	<b>Gjeld for:</b> Vakt i Fjellheisane	
<b>Rev.nr.</b> 7	<b>Sist revidert:</b> 18.03.2016	<b>Utarbeida av:</b> Stein Bjørhovde	<b>Godkjend av:</b> Arvid Remme

## VEDLEGG 4: ARRANGEMENT FORELØPIG AVSTIGING POMA J NEDST PÅ LYSTELIGHOGEN

